Fra: Hallgeir Lund[lundhallgeir@gmail.com]
Mottatt: 01.10.2026 16:32:38
Til: Postmottak Fyresdal[postmottak@fyresdal.kommune.no]
Tittel: Endring av rammeløyve for 38/ 133 og 134

Fyresdal 01.10.2026

VEDRØRANDE KLAGE PÅ VEDTAK OM ENDRING AV RAMMELØYVE FOR
GNR.38 BNR.133 OG 134

Eg viser til kommunen sitt brev datera 24.09.2026 med diverse dokumentasjon og korigera støyrapport med revisjon den 15.09.2026. Eg har som i tidligare korespondanse lese gjennom skrivet til Anette Lie og eg stiller meg 100 % bak det ho nemner. Difor finn eg ingen grunn til å repetere det ho skriv eller "finne opp hjulet på nytt".

Men eg vil likevel streke under fylgjande:
I støyrapporten frå Sweco står det at Rev 06 frå 15.09.2026 er samanlikna med Rev 05 frå 21.08.2026. Som fylgje av dette vert det lempa på støykrava. Noko eg meiner er meiningslaust og uakseptabelt. Sidan grunnarbeidet starta seint i vinter til dags dato har det stort sett vore eit hælvete å bu på denne sida av Snartlandsgrenda. I tida frå måndag til fredag frå kl. 07.00 om morgoen til kl. 19.00 om kvelden og laurdagar frå kl. 07.00 om morgoen til ca.kl. 17.30 om kvelden opplever vi støy frå peling og rystingar frå komprimering av masser.

Rystingane er så kraftige at det klirrar i til dømes glasruter, koppar og kar i kjøkkenbenken, ovnsdøra, dusjkabinett og dørar. Eg har fleire gonger opplevd at når ein sit i stres-less stolen i stoga, så kjenner ein godt når komprimeringa med vegvalsen startar og stoppar. Når det står eit glas med vatn på kjøkkenbordet opplever eg ofte at vassflata dirrar.

Sjølv om dette er veldig krevjande, så meiner eg det er støynivået i framtida som er avgjerande for om ein klarar å bu her. Med framtida meiner eg tida etter at datasenteret er i drift. Kor mykje støy vil kome frå generatorar og kjølevifter etc ? Dette er det ingen som kan gje oss eit sikkert svar på.

Ein annan ting eg meiner er viktig å påpeike er ureining frå ljos i området. Det er svært viktig at ein brukar "sunn fornuft" når ein bestemmer kva ljos som skal vere i området.
I dag lyser det kraftige ljos i "alle retningar". Dette kan føre til trafikkfarlege situasjonar ved at ein kan bli blenda av både møtande bilar og faste ljospunkt.

Ut frå dette så er det svært viktig at Fyresdal kommune framover held ei STØ HÅND PÅ RATTET med tanke på støygrenser og ljosureining i området.

Til slutt vil eg påpeike at det står at rammeløyvet ikkje skal gjelde i byggjeperioden.
Dette må vere basera på ei missforståing / feil. Skal verkeleg utbyggjarane få frie tøyler. Har ikkje vi som bur på Snartland blitt plaga nok av støy og bråk ?

Med helsing
Hallgeir Lund
Birtedalsvegen 103
3870 Fyresdal
Tlf. 97069879